

Møteprotokoll

Utval	Giske kontrollutval
Møtestad	Kommunestyresalen, Giske rådhus
Dato	31.08.2022
Tidspunkt	kl 13:00 - 14:00

Følgjande medlemmer møtte

Dag Oksnes
Herman Rørvik Blindheim
Sissel Anita Roald

Forfall

Asbjørn Furnes
Inger Johanne Sund

Møtande varamedlem

Knut Støbakk

Møtenotat

Tilstades:
Frå Møre og Romsdal Revisjon SA: Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Katrin Haram, oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.
Frå kontrollutvalsekretariatet: rådgivar Solveig Kvamme

Leiar Dag Oksnes tok opp spørsmålet om kvifor kommunen har så mange dokument som ikkje vert fullpublisert på heimesida. Kontrollutvalet ynskjer å invitere kommunedirektøren til neste møte for å gje ei orientering om dette og om korleis kommunen arbeider med meiroffentlegheit.

Dag Oksnes
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

- PS 15/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 16/22 Uttale om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021. Gjelds- og finansforvaltning Giske kommune
- PS 17/22 Revisor sin rapport etter årsoppgjersrevisjon 2021 - Giske kommune
- PS 18/22 Budsjettforslag 2023 for kontrollutvalet sitt arbeid - Giske kommune
- PS 19/22 Orienteringar
- OS 02/22 Status på arbeid med forvaltningsrevisjon 2022
- OS 03/22 Orientering etter fagkonferanse juni 2022 Forum for kontroll og tilsyn
- PS 20/22 Meldingar
- MS 06/22 Henvending til kontrollutvalet frå Utdanningsforbundet

PS 15/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Giske kontrollutval 31.08.2022

Behandling

GKU - 15/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 16/22 Uttale om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021. Gjelds- og finansforvaltning Giske kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll 2021 til orientering.

Giske kontrollutval 31.08.2022

Behandling

GKU - 16/22 vedtak

Kontrollutvalet tek revisor sin attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll 2021 til orientering.

PS 17/22 Revisor sin rapport etter årsoppgjersrevisjon 2021 - Giske kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter revisjon av årsrekneskap 2021 til vitande. Kontrollutvalet bed revisor om å følgje opp dei forbettringspunkt som revisor har peika på i si orientering.

Giske kontrollutval 31.08.2022

Behandling

GKU - 17/22 vedtak

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter revisjon av årsrekneskap 2021 til vitande. Kontrollutvalet bed revisor om å følgje opp dei forbettringspunkt som revisor har peika på i si orientering.

PS 18/22 Budsjettforslag 2023 for kontrollutvalet sitt arbeid - Giske kommune

Tilråding til vedtak:

Giske kontrollutval tilrår ei samla budsjetttramme for kontrollarbeidet på kr 1 389 490

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 100 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutval IKS) kr 384490 (* tal frå 2022)
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 905 000

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon.

Giske kontrollutval 31.08.2022

Behandling

GKU - 18/22 vedtak

Giske kontrollutval tilrår ei samla budsjetttramme for kontrollarbeidet på kr 1 389 490

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 100 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutval IKS) kr 384490 (* tal frå 2022)
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 905 000

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon.

PS 19/22 Orienteringar

OS 02/22 Status på arbeid med forvaltningsrevisjon 2022

Tilråding til vedtak:

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

Giske kontrollutval 31.08.2022

Behandling

Oppdragsrevisor Kurt Løvoll orienterte om status og framdrift. Det er ein stram tidsplan, men ein tek sikte på å rekke handsaming i kontrollutvalet sitt møte i november som planlagt.

GKU - 02/22 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

OS 03/22 Orientering etter fagkonferanse juni 2022 Forum for kontroll og tilsyn

Tilråding til vedtak:

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

Giske kontrollutval 31.08.2022

Behandling

Sekretariatet orienterte kort frå innhaldet i samlinga. Utvalet ynskjer at sekretariatet på neste møte legg fram ei sak om Forum for kontroll (FKT) sin rettleiar for handtering av henvendingar.

GKU - 03/22 vedtak

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 20/22 Meldingar

MS 06/22 Henvending til kontrollutvalet frå Utdanningsforbundet

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Giske kontrollutval 31.08.2022

Behandling

GKU - 06/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.